

## **MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLER SIN KOMMENTAR TIL MERKNADAR OG UTTALE - OPPSTARTSMELDING**

<b>Plannamn</b>	Detaljregulering for del av fv5486, Langhøyane-Kjebogen
<b>Arealplan-ID</b>	1260 2018 000 100
<b>Saksnummer</b>	20/1110
<b>Utarbeidet av</b>	Arkoconsult AS
<b>Sist revidert</b>	16.03.2023

<b>Avsendar</b>	<b>Hovudpunkt i merknad/uttale</b>	<b>Forslagsstillas kommentar</b>
1. Fylkesmannen i Hordaland <b>05.03.2018</b>	<p>1) Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ein grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Er planforslaget ikkje i samsvar med overordna plan, må kommunen vurdere planarbeidet etter forskrift om konsekvensutgreiing,</p> <p>2) Minner om at statlege planretningslinjer skal leggast til grunn ved planlegging etter pbl §§6-2 andre ledd.</p> <p>3) Minner om krav til ROS-analyse, jf. pbl. § 4-3, samt krav til handtering av risiko i planen.</p> <p>4) Teknisk forskrift definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må defineraast av kommunen. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføreresognene.</p> <p>5) Folkehelse. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl. § 3-1 bokstav f. "</p> <p>6) Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025.</p> <p>7) Naturmangfald. Fylkesmannen minner om at dei konsekvensane reguleringssplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. nml. §§ 7 til 12.</p> <p>8) Medverknad. Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverkand i planprosessen, jf. pbl. § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet.</p>	<p>1) Vert teke til etterretning. Planforslaget er i samsvar med overordna plan, der området ligg inne som veg. Den aktuelle vegstrekninga er også lagt inn som prioritert for gang-/sykkelveg i KDP Radøy.</p> <p>2) Vert teke til etterretning.</p> <p>3) Vert teke til etterretning. Det er utarbeida ein ROS-analyse i samband med planarbeidet.</p> <p>4) Vert teke til etterretning. ROS-analysen har ikkje avdekt risiko for flaum eller skred.</p> <p>5) Vert teke til etterretning. Høve knytt til folkehelse er omtala i planskildringa. Ein ser at etablering av fortau kan bidra til at fleire går eller syklar, framfor å køyre, noko som er positivt for folkehelsa.</p> <p>6) Vert teke til etterretning. Opparbeiding av fortau vil gjøre det tryggare for barn og unge å ferdast langs vegen.</p> <p>7) Vert teke til etterretning. Biota Naturkompetanse AS har utarbeidd eit notat om naturmangfald på standen, og konsekvensar for naturmangfald. Avbøtande tiltak er gjort bindande gjennom føresegna. Naturmangfaldsrapporten følgjer som vedlegg til planmaterialet.</p> <p>8) Vert teke til etterretning. Oppstart er varsla med eige brev til grunneigarar, offentlege instansar og naboaar. Alle har hatt moglegheita til å kome med innspel. Vedtatt planforslag skal leggast ut på høyring, og berørte partar vert varsle.</p>

<p><b>2.</b> SVV – Statens vegvesen <b>09.03.2018</b></p>	<p>SSV føreset at det vart lagt til grunn same standard på køyreveg og fortau på den aktuelle vegstrekninga, som det var lagt til grunn i reguleringsplanen for Manger Industriområde, Kjebogen. Poengterer også at dei tidlegare har akseptert ein vegbreidde på 6,0 meter.</p>	<p>Innspela er tatt til følgje. Køyrevegen og fortauet er planlagt med same standard som i reguleringsplanen for Manger Industriområde, Kjebogen. Planlagt vegbreidde er 6,25 meter.</p>
<p><b>3.</b> Hordaland Fylkeskommune <b>03.04.2018</b></p>	<p>Hordaland Fylkeskommune har ingen vesentlege merknadar til oppstartsmeldinga. Dei har likevel følgjande innspel til den vidare planprosessen:</p> <p><b>Samordna areal- og transport:</b> Viser til Regional transportplan for Hordaland (2013-2024) som blant anna seier at strekningsvise utbetringstiltak, med fokus på framkomme og trafikktryggleik, er viktige prioriteringar. Legg vekt på at gang- og sykkelvegar kring skular og andre målpunkt for barn og under er viktig for trafikktryggleik. Fortau må vere godt utforma for å gjere den trygg og attraktiv å bruke.</p> <p><b>Barn og unges interesser og universell utforming:</b> Fylkeskommunen er positiv til planen som styrker trafikktryggleiken til mjuke trafikantar, deriblant barn og unge. Det bør leggjast til rette for universell utforming av gang- og sykkelveg, samt busslommer/stopp. Krava som følgjer av TEK10 og Norsk Standard 11005:2011 gjeld.</p> <p><b>Kulturminne:</b> Minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø må gjerast på eit tidleg stadium. Ber vidare om at eventuelle kulturminneinteresse vert omtalt, verneverdiene vurdert og teke omsyn til. Fylkesmannen har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Like nord for plangrensa ligg det ein steinalderbuplass, men potensialet for nye funn av automatisk freda kulturminne innafor planområdet vart likevel vurdert å vera lågt.</p>	<p><b>Samordna areal- og transport:</b> Vert teke til etterretning. Gangareal er planlagt med ein breidde på 3 meter.</p> <p><b>Barn og unges interesser og universell utforming:</b> Vert teke til etterretning. Det er lagt inn ein føresegrn som seier at gang-/sykkelvegar i hovudsak skal vere universelt utforma, og at prinsippet om universell utforming så langt som mogleg skal leggast til grunn for val av løysingar for gåande og syklande.</p> <p><b>Kulturminne:</b> Registrerte kulturminneverdiar i området er omtala i planskildringa. Det er ikkje registrert kulturminne i området som kjem i konflikt med ny veg.</p>